

Bokn Bygdablad

Nr. 3 april 2010 – Årg. 25



25
år

www.bygdabladet.no



KJEKT PÅ BOKN

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidar: Annette Bokneberg

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 50,-
Fast-/fargeann.	etter avtale

Foto, omslag:

Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Konfirmantar 2010 - sjå også s. 15

Foto: Jardar Havikbotn



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Investeringsplan

Kommunestyret gjorde i møte den 13. april prinsippvedtak om brutto- og nettoinvesteringar for den neste femårs perioden i Bokn. Bakgrunnen for dette er mellom anna dei nye framskrivningane Bokn kommune har blitt førespegla ved ulike høve dei siste månadene. Ei auke i innbyggartalet på mellom 1000-1500 personar dei neste 20 åra vil føra til store investeringskostnader. For å møte desse utfordringane har ein difor funne det naudsynt å laga til gjennomtenkte investeringsplanar basert på eit ansvarleg økonomisk opplegg.

Bokn kommune står framfor fleire store investeringar, mellom anna innan samferdsel, vassforsyning, utbygging av nytt bustadfelt og ferdigstilling av molo i Hålandssjøen. Sjølv om Bokn kommune har forholdsvis høg lånegjeld i høve til andre Rogalandskommunar, har ein også hatt ei god inntektsutvikling frå 2002 til 2010. Den økonomiske handleevna er styrka både som fylgje av sterkt redusert lånegjeld og ei styrking av disponibelt fond. Med den vedtekne investeringsplanen tek ein høgde for investeringar på opp mot 23 millionar kroner dei neste åra.

I høve til ny fleirbrukshall vedtok kommunestyret i nemnde møte også å utreda moglegheita for å kombinera ein ny fleirbrukshall med ny skule. Bakgrunnen for dette vedtaket heng også saman med den forventta folke-

talsauken i Bokn kommune dei neste 20 åra. Slår prognosane til vil ein merke presset tidleg i høve til skulen. Allereie i dag har ein utfordringar i høve til areal ved Bokn skule. Politisk ynskjer ein difor å avdekka kva som er mest lønnsamt; å bygga ut nåverande skulebygg eller bygga heilt nytt.

Arbeidsgruppa som har jobba med å utreda ny fleirbrukshall det siste året har lagt eit godt grunnlag for kommunen. Dette er ei stor, viktig og spennande sak for kommunen vår. Samstundes har føresetnadane endra seg ein del undervegs. Det er difor viktig for kommunestyret å bruka den tida som er naudsynt for å treffa mest mogleg gode og framtidsette vedtak. Dette gjeld mellom anna i høve til plassering, drift og romprogram.

Kommunestyret vil ta stilling til korvidt ein også skal prosjektera ny skule inn i ein fleirbrukshall innan sommarferien. Til den tid skal administrasjonen ha gått gjennom og kvalitetssikra dei økonomiske sidene ved eit slik prosjekt, basert på ein allereie utført moglegheitsstudie frå eit uavhengig konsulentfirma. I dette arbeidet skal ein også sjå på kva tilskott ein kan løysa ut frå det offentlege.

Kultursoge

Kommunestyret vedtok i møte den 13. april å få skrive kultursoge for Bokn kommune. Birger Lindanger, som også har ført i pennen "Bokn, gard og ætt", blir engasjert til å skriva kulturhistoria for bygda.

Det har vore eit ynskje å få samla Bokn si kulturhistorie mellom to permar heilt sidan den siste gards- og ættesoga blei gitt ut i 2002. Ei generell bygdesoge vil vera eit naturleg og viktig framhald av det bygdehistoriske arbeidet i Bokn. I tillegg har Bokn ei uvanleg rik og spennande fortid som det er viktig å formidla. Slekts- og gardshistoria representerer dei fyrste historiske nivåa, og difor er det naturleg at ein i Bokn nå går i gang med det tredje nivået: Bygdesoga.

Ei bygdesoge vil så og seia starta i år 0 og vil skildra alle sider ved boknasamfunnet fram til forfattaren avsluttar arbeidet sitt om to år. Det historiske materialet for Bokn er omfattande og vil bli ei viktig kulturhistorisk skildring og dokumentasjon for komande generasjonar.

Bygdesoga vil naturleg innehalda informasjon om mellom anna naturgjevne tilhøve, steinalderen, mellomalderen, gjenreisinga, utvandringa på 1800-talet, verdskrigane, busetnadsutviklinga, jordbruk og fiske, handel og samferdsel, kyrkje og kristenliv, skulestell, kommunepolitikk og mykje meir.

Birger vil gå i gang og førebu dette arbeidet allereie i mai, og går arbeidet etter planen vil kultursoga for Bokn kunne ligga under juletreet i 2011.

Ordføreren

Kjære lesar!

Eg håpar du vil kosa deg med innhaldet i dette bladet, som m.a. inneheld dette:

Side 4: Fiskeri og oppdrett

Side 5: "Barnas Hårfageritt"

Side 7: Trekningar, postkassebøker

Side 9: "Folkets Gave"

Side 10: Vårkonsert

- for ikkje å gløyma 17. mai-programmet i midten av bladet, klart til å rivast ut til den store dagen. Dei som har anledning til det kan også skriva det ut i fargar på bokn.no

Ordet fritt

Med tanke på at eg med jamne

mellomrom får høyra om meining-sytringar i bygda som burde vore på trykk, er det på sin plass å minna om at ordet er fritt i Bokn Bygdablad. Me har alltid plass til lesarinnlegg og fri drøfting av saker som er opp i tida

- redaktøren -

Omgjort til kommunal beredskapsbil (førsterespondar)

Tore Bøe Olsen

Bokn kommune har over ein periode på over 20 år, først med Fylkessjukehuset i Hgsd. og seinare med Helse Fonna, hatt eit samarbeid om lokalisering og drift av ambulanse i Bokn. Ambulansen har vore ein svært viktig del av den akuttmedisinske beredskapen i kommunen.

Frå og med 1. april 2010 er ikkje ambulansen på Bokn lenger definert som ambulanse. Den vil etter 1. april bli definert som ein førsterespondar-bil.

Årsaka til dette er forhøya krav til kompetanse for ambulanspersonell frå 1. april 2010.

I forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus § 17 står det følgjande:

"Ambulansebiler og -båter som utfører oppdrag som nevnt i § 3 2. ledd og § 15 skal være betjent av minst to helsepersonell slik at pasienten sikres adekvat behandling og oppfølging under transport.

Minst ett av helsepersonellet skal ha autorisasjon eller lisens som ambulansarbeider. Øvrige helsepersonell må kunne dokumentere annen relevant akuttmedisinsk, pleiefaglig og redningsteknisk kompetanse.

Dette innebærer som minimumskrav en redningsteknisk del med 55 timer teori og 15 timer praktiske øvelser, samt en medisinsk del som inkluderer en teoretisk del på 120 timer og 3 ukers praksistjeneste ved mottakelsesavdeling/intensivavdeling (1 uke), operasjons-anestesiavdeling (1 uke) og medisinsk/kirurgisk avdeling (1 uke)."

Dersom ein ikkje kan bemanna ambulansen med personar som oppfyller desse kompetansekrava, så kan ein heller ikkje bruka definisjonen ambulanse.

I hovudsak har avtalen med Helse Fonna gått ut på at Helse Fonna har



Ambulansen på Bokn blei frå 1. april førsterespondar-bil.

Foto: Jardar Havikbotn

holdt bil, medan Bokn har holdt mannskap. I følge avtalen forpliktar Bokn seg til å oppfylla dei til einkvar tid gjeldande lovpålagte kompetansekrav for ambulanspersonell.

Bokn kommune vil etter 1. april ikkje klara å innfri kompetansekrava for ambulanspersonell, etter forskriften. Sjølv om ein ikkje lenger kan definera bilen på Bokn som ambulanse, så ønskjer ikkje Bokn kommune at den akuttmedisinske beredskapen i kommunen skal bli forringa. Difor vil ein i første omgang, ut året, vidareføra den akuttmedisinske beredskapen gjennom ein såkalla førsterespondar-bil.

- Bilen som kommunen vil bruka som førsterespondar-bil, vil vere akkurat den same bilen som den noverande ambulansbilen, og vil framleis vere eit utrykningskjøretøy.

- Førsterespondar-bilen vil ha akkurat det same medisinske utstyret som dagens ambulanse!

- Førsterespondar-bilen vil ha akkurat

den same bemanninga (sjåfør og sjukepleiar) som dagens ambulanse! Førsterespondar-bilen vil, som ambulansen, vere knytta opp mot AMK-sentralen.

- Førsterespondar-bilen vil ha same responstid ved utrykning som dagens ambulanse!

Forskjellen med overgangen frå ambulanse til førsterespondar-bil vil vere at bilen ikkje lenger kan uniformerast som ambulanse (ein må byta ut det grønne sjakkemønsteret med ein annan farge, og påtrykket med ambulanse og 113 må fjernast), og at båra som står bak i bilen må tas vekk.

Konsekvensen av at båra blir tatt ut av bilen, er at ein ikkje lenger kan transportera pasienter i bilen.

Førsterespondar-bilen vil som tidlegare bli kalla ut og rykka ut til hendelsar som krev øyeblikkelig medisinsk assistanse. Samstundes som det og vil bli sendt ambulanse frå Helse Fonna. Evt. transport til sjukehus, vil bli ivareteken av ambulanse frå Helse Fonna.

Mulighetsarena fiskeri og oppdrett på Bokn

Tekst: Inger K. Haavik - foto: Tormod Karlsen

Haugaland Vekst arbeider med næringsutvikling for kommunene Bokn, Haugesund, Tysvær og Utsira. I denne forbindelse har Haugaland Vekst fått i oppdrag å utarbeide nye næringsplaner for de fire eierkommunene samt Vindafjord kommune.

kommunene Bokn, Tysvær, Vindafjord, Haugesund og Utsira.

Deltakerne trakk spesielt fram muligheter som ligger i nærheten til Nordsjøen og naturressursene. I tillegg ønsker de en styrking av samspillet mellom næringen og det offentlige, ser

arbeidet med den enkelte kommunes næringsplan og handlingsprogram knyttet til denne.

22. april var det mulighetsarena innen kultur og næring i Tysværtunet. 4. mai er det innen bygg og anlegg på samme plass, kl. 12-14. Mer informasjon



Stor interesse for arrangementet i Bokn. Hele verdikjeden i oppdretts- og fiskerinæringen i Haugaland Vekst-kommunene var representert.

For å få et best mulig grunnlag og resultat, arrangeres det i perioden april-september mulighetsarenaer på tvers av kommunene knyttet til forskjellige aktuelle tema. Den første var her på Bokn den 13. april innen fiskeri og oppdrett.

En oppslutning på 36 deltakere der de fleste kom fra næringslivet er Haugaland Vekst som arrangør fornøyd med. Deltakerne fikk gjennom foredragene

mulighetene i å utvikle ny teknologi med offentlig støtte og et større samarbeid mellom fiskeri og oppdrett, for eksempel når det gjelder slakteri, mottak og distribusjon.

Mer om hva de kom fram til i gruppearbeidet, foredragene og linker til aktuelle rapporter, meldinger, med mer, finner du på Haugaland Vekst's hjemmeside: **www.haugaland-vekst.no** under næringsplaner.

finner du på www.haugaland-vekst.no.

Oppdaterte næringsplaner med konkrete tiltak, er viktige redskap i det videre arbeidet for kommunene og næringslivet. Planene skal gi synergieffekt både kommunalt og for regionen og vil videre påvirke prosessen knyttet til fylkeskommunal næringsplan.



Gjennom gruppearbeid og diskusjoner kom deltakerne med innspill som tas med i det videre arbeid med næringsplanene og dermed næringspolitikken i kommunene.

til Ole Damm Kvilhaug og Svein Ove Alvestad en innføring i fiskeri og oppdrettsnærings muligheter og utfordringer i vårt distrikt. Gjennom gruppearbeid og diskusjoner kom deltakerne med innspill som tas med i det videre arbeid med næringsplanene og dermed næringspolitikken i

Flere mulighetsarenaer

Utover våren vil det bli arrangert en rekke mulighetsarenaer i Haugaland Vekst's regi. Deltakerne skal gjennom gruppearbeid foreta analyse av sin kommune/bransje og gjennom det hjelpe til med finne viktige tiltak. Disse vil være viktige innspill i det videre

RETING

I forrige utgåve av Bokn Bygdablad hadde me ein artikkel om Bokn og Rogfast etter eit temamøte i Arsvågen 17. mars. I avsnittet "Flytting av sentrum" stod fylgjande:

Sitat: "Arne Øvrebø (ordfører 1982-1983) hadde i sin tid som politiker i Bokn gått imot bygging av skolen der den står idag. Dette med tanke på framtidig vekst i kommunen." - sitat slutt.

I møtet på Are var Arne Øvrebø innom plasseringa av Boknatun, som han meinte ville stenga for utviding av skulen nordover, noko han den gong fekk protokolltilførsel på. Boknatun ville han plassera der Bokn Plast sitt nye anlegg ligg i dag.

Me beklager mistydinga.

- redaktøren -

Kajakk i Kråkevågen

Jardar Havikbotn

Kjell Frode Lie frå Bokn Røde Kors var adm.leiar for mannskapa som 8. og 9. april leita etter den sakna kajakkpadlaren Magnar Johannesen Grødem, som skulle padla frå Stavanger til Haugesund i påska.

Padlaren blei meldt sakna onsdag etter påske. Dagen etter blei det funne ein kajakk i Kråkevågen, som kunne knyttast til Grødem. Dette utløyste ein større leiteaksjon rundt Bokn.

Den erfarne Røde Kors-mannen, som jobbar som ambulansarbeidar i Suldal kommune, var heime desse dagane og saman med politiet blei det raskt sett ned KO (Koordineringssentral) i Arsvågen, 2. etasje.

Kjell Frode fortel at dei om kvelden den torsdagen hadde samla nær 100 per-

sonar frå Røde Kors, Norsk Folkehjelp, Norske redningshundar og fri-villige, som saman med folk frå politiet søkte rundt heile kystlinja til Bokn. Alle hytter og naust mellom Arsvågen og Førresvik blei også undersøkt, samt søre del av Austre Bokn.

Kjell Frode har omtrent vore med i Bokn Røde Kors i dei 20 åra laget har heldt på, og er ein av dei ein må seia har fått "eit kall" når det gjeld slikt arbeid.

Han trivst svært godt i laget og gir uttrykk for eit veldig bra samhal i



Kajakken blei funne i Kråkevågen 8. april.

Foto: Kari Hetland



Kjell Frode Lie

Han fekk god bruk for kompetansen sin desse dagane. Kjell Frode er ut-danna som instruktør/leiar på A-nivå innan barmark og B-nivå innan vassredning.

- Ja, det blei lite søvn den natta, fortel han, og er full av takksemnd over fleksible boknarar og den store velviljen som rår i bygda, særleg i slike situasjonar - både overfor dei lokale medlemmene i Bokn Røde Kors og ikkje minst familiane deira, og snakkar m.a. om akutte barnevaksbehov. Han vil også takka Arsvågen Kiosk & Kafeteria for lån av lokala i 2. etasje.

gjengen.

Denne hendinga var tema på første korpsmøte etter leiteaksjonen.

- "Debriefing" er veldig viktig, og særleg viss me gjer funn, seier Kjell Frode, og legg til at leitemannskap alltid får tilbod om å snakka om hendingane rett etter ein aksjon.

Det høyrer med til historia at nemnde kajakk, i følge politiet, blei observert ved Lauplandvågen allerede på påskeaftan, fem dagar før den organiserte leiteaksjonen, og at det var mykje vind og straum frå aust i påska.

Pr. 23. april var padlaren enno ikkje funnen.

Barnas Hårfagrerritt

Jardar Havikbotn

Joakim Skjelde, Sverre Trosnavåg og Torfinn Alvestad deltok i barnerrittet som blei arr. i samband med Hårfagrerrittet 17. april.

Det var tre klassar, og boknarane sykla 1.500 m i klasse 8-12 år. Hendinga gjekk føre seg i Haraldsvang, med start og mål ved Haraldshallen.

Gutane var svært så nøgde då dei kom heim med medaljer, T-skjorter og drikkeflasker. Etter løpet hadde dei også fått gratis is, brus, pølser, frukt og boller.

Det blei trekt ut ein gavesjekk til ein heldig deltakar i kvar av dei ulike klassane i "Barnas Hårfagrerritt - i samarbeid med Naturkraft". Sjekkane kunne nyttast ved kjøp av ny barnesykkel hos Bike Brothers.

Det blei også trekt gavekort på Bike Brothers blant alle startande i kvar klasse.

Sykkelenusiast Kjell Olav Skjelde seier til Bokn Bygdablatt at det er viktig å få opp kondisen til ungane, og at dei ikkje berre blir sittande foran PC'en.

Landevegssyklisten, som er med i Team Nord-Rogaland gjennom Stegabergh Sykkelklubb og som skal sykla Trondheim-Oslo 26. juni i år, kan opplysa om at neste ritt for barn blir "Tour of Norway" i Haugesund sentrum 12. juli, som går i samband med "Tour de France".



Kjempeinnsats av fv. Torfinn Alvestad, Sverre Trosnavåg og Joakim Skjelde.

Foto: Kjell Olav Skjelde

Nytt styre i Haugaland Landbruksrådgjeving

Torbjørn Ruud

Sigbjørn Eikje frå Tysvær og Knut Selsås frå Karmøy er nyvalde i styret til Haugaland Landbruksrådgjeving (HL).

Geir Apeland frå Tysvær og Kristen Bergmål frå Sveio gjekk ut. Dei har begge vore med i styret i mange år og og fekk blommar og takk for godt arbeid på årsmøtet.

Geir Apeland har utført ein god jobb som leiar i mange år.

HL har 890 medlemmer, ein stor del av bøndene på Haugalandet. Tal medlemmer pr kommune: Tysvær-169, Bokn-35, Hauge-sund-22, Sveio-69, Karmøy -98, Vindafjord-

340, Etne-150, Andre kommunar-7.

HL hjelper medlemmene med papirarbeid; gjødselingsplanar, miljøplaner m.m. HL arrangerer kurs, møter og markdagar og driv med forsøksarbeid. HL gir faglege råd og arbeider for å halde oppe eit aktivt landbruk her på Haugalandet.

På årsmøtet fekk HL skryt for godt arbeid frå styret i Norsk Landbruksrådgjeving ved styremedlem Vigdis B Nes frå Karmøy.

Frøde Grindheim, mjølkebonde i Etne, hadde eit godt fagleg innlegg om drifta på sin gard.

Styret i Haugaland Landbruksrådgjeving f.v. Sigbjørn Eikje- Tysvær (ny), Knut Selsås – Karmøy (ny), Jan Are-Bokn, Asbjørn Alendal - Vindafjord (leiar), Annelaug Fludal (rep. for tilsette), Sjur Aakra – Etne (nestleiar)



Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Kjelde: Statens kartverk

Borgenvik Hytteområde 8 (Gnr 24, bnr 29) er overdradd fra Andreas Ims og Guri Ims til Liv-Kristin Ims Lundseth

(09.03.2010)

Hognalandsvegen 95 (Gnr 17, bnr 3) er overdradd fra Jakob Hognaland til Torunn Hognaland (16.03.2010)

Arsvegen 157 (Gnr 15, bnr 5) er overdradd fra Jostein Laupland til Ragnhild Laupland

(11.03.2010)

Overdragelsen omfatter også **Gnr 15, bnr 6**

Overdragelsen omfatter også andel av **Hognalandsvegen 71 (Gnr 17, bnr 1)**

Overdragelsen omfatter også andel av **Gnr 17, bnr 17**

Overdragelsen omfatter også **Hognalandsvegen 49 (Gnr 17, bnr 25)**

Bygdabladet for 20 år sidan

400 TONN LAKS PÅ BOKN FISKEMOTTAK

1. Kvartal 1990 har det gått 400 tonn laks gjennom Bokn Fiskemottak. Av dette er ca. 140 tonn gått til innfrysing hos Iglo i Hauge-sund. 260 tonn er pakka for eksport. Det er firmaene Skaarfisk, Iglo Aqua Group og Noa Gourmet Seafood som tek i mot laksen for eksport. Leverandørane er lokale oppdrettarar i Bokn, Kvitsøy og Tysvær.

I januar, februar og mars har det vore jamn produksjon. Berre 15, 16 dagar har vore utan fisk. Det er Bjørn E. Gundersen som opplyser dette til bygde-bladet.

Marknaden for laks ser nå ut til å stabilisera seg, og Gundersen håpar på at bedrifta vil få jamnt med arbeid framover. Bedrifta har i dag 16 tilsette.

MINNEORD

Mathias Are døde 21.03.2010, 80 år gammel.

Han ble født og vokste opp på Are med foreldre, besteforeldre og fem søsken. Foreldrene var Metta og Jens og Mathias var nummer to i barneflokk.

Mathias delte lenge ansvaret for gården med faren sin. I tillegg til gårdsarbeidet, deltok han på fiske, hovedsaklig i samarbeid med faren. I 1970 gifta han seg med Ingunn.

Hans store interesse for musikk førte til at han kjøpte seg et orgel, lærte seg å spille selv og var organist i Bokn kirke i nærmere 40 år. Han tilbrakte mye tid på orgelkrakken både hjemme, i kirka og på bedehuset.

Mathias har deltatt i flere sangkor på Bokn opp gjennom årene, helt til siste stund var han med i sanglaget "Old boys". Gleden var stor når han fikk opptre med sanglaget rundt om på bedehusene.

Mathias trivdes også med å være bonde og å være ute på sjøen med båten sin. Han var sosial og likte godt å få besøk,



gården var en naturlig møteplass for familien.

Vi minnes Mathias med fred og savner den omtanken og varmen han spredte rundt seg. Han etterlater seg kone og tre døtre.

Mange turgåarar i Bokn

Jardar Havikbotn

Postkassebøkene på Boknafjellet, Vardafjellet og Boknahåvet samla i 2009 heile 3.868 underskrifter.

Det blir trekt ut ein vinnar frå kvar bok. Utskrivne bøker blir arkiverte i kommunen.

Den lange og snørike vinteren har forseinka arbeidet med å få samla inn bøkene på dei ulike stadene. Men nå har ordførar Kyrre Lindanger foretatt trekningane og vinnarane er klare.

På Boknafjellet hadde 3.220 personar skrive seg opp i boka. Nr. 2.304 blei trekt ut;

- **Simen Havikbotn.**

Vardafjellet fekk 476 underskrifter i 2009, og nr. 94 blei trekt ut;

- **Janne Elisabeth Ytreland.**

172 personar besøkte Boknahåvet i fjor, og nr. 106 blei trekt ut;

- **Raymond Hognaland.**

Premiane kan på fleire måtar knyttast til friluftsliv. Ein turgåar må til og med ha mat, særleg etter ein god sundagstur.

I år får vinnarane fylgjande:

- Feltpakka til Lars Monsen, bok og multikniv - gitt av Coop Marked Bokn
- Overtreksdress - gitt av Bokn Idrettslag
- Gåvekort på sundagsmiddag (når desse startar opp) - gitt av Arsvågen Kiosk & Kafeteria

Bygdabladet gratulerer!

Premiane blir utdelte på 17. mai.

Takk til sponsorane og til dei personane som har tatt seg ekstraturar i samband med trekningane!



11.04.10: Helge Kristian Nilssen frå gruppa "Ta naturen i bruk" under Kjekt på Bokn-paraplyen, fører over namn frå ei midlertidig notatblokk til den nye postkasseboka på Boknahåvet.

Foto: Jardar Havikbotn



Foto: Helge Kristian Nilssen

Det blir stadig meir populært å ta turen ut til Boknahåvet. Pr. 11. april var det totalt 232 personar som hadde skrive seg opp, sidan Marita Svendsen frå "Ta naturen i bruk"-gruppa gjorde det som nr. 1 den 20. september 2008.

Fire stk. har til og med fleire gonger i vinter gått på ski ut. Det kan gå mange år mellom kvar gong dette er muleg. Medlemmer av den eksklusive klubber er Kristian Nilssen (bildet - 1. mars), Helge Kristian Nilssen, Jone Hognaland og Terje Hognaland.

Vaktskifte og kikkert i ABB

Jardar Havikbotn

Avtroppande leiar i Austre Bokn Bygdalag (ABB), Kari Christensen, opplyser til Bokn Bygdablad at varaordførar June Kro - på årsmøtet til ABB 18. april - foretok avduking av utsiktsskikkerten som ABB har skaffa i samarbeid med Bokn kommune. Etter kvart skal kikkerten få sin plass på Vardafjellet.

Austre Bokn Bygdalag blei stifta i 2006. Fire av dei som var med og stifta laget takka nå for seg. Det var Tormod Våga, Grete D. Jøsang, Susanne P. Grønnestad og Kari Christensen. Nye i styret er Gunnar Solberg, Harald Øvrebø, Berit Merete Øvrebø og Kate Silje Aksdal.

VED KIKKERTEN: fv. Grete Drilen Jøsang, Susanne P. Grønnestad, varaordførar June Kro, Osmund Våga, Tormod Våga og Kari Christensen.



Foto: Olav G. Larsen

Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr
kan vera med i
serien.
Ta kontakt på
post@bygdbladet.no
Tlf. 98 22 15 08

Mynia

- en liten hund med et stort menneskelig hjerte..

Margareth Rossavik



Det sies at alt går over, også den største sorgen. Det tar bare tid og i mellomtiden må man venne seg tiltristheten... Men et lyspunkt finnes i alt det grå. Minnene. Og her er Mynias historie;

Hunden ble født for 19 år siden i Polen på en usedvanlig kald vinterkveld i desember. Hennes mor overlevde ikke fødselen og slik begynte Mynias liv; et liv mot alle odds – allerede fra første stund.

Og selv om hunden kanskje aldri ville ha vunnet priser for utseendet, hadde den verdens mest hjerteskjærende pip, som nesten liknet på "hjelp meg, jeg er helt alene".

Ukene som fulgte etter var preget av en intens kamp for å overleve. Mynia trengte mat annenhver time, dag og natt, i løpet av to uker. Hunden måtte også holdes varm i hele den perioden. Hun ble behandlet som en ekte baby; fikk tåteflasken med melk for spedbarn, masse oppmerksomhet og riktig pleie. Da hun etter 2 uker åpnet sine øyne, var hennes matmor, Margareth, det første Mynia så ved siden av seg. Ifølge viten og forskere, er akkurat dette det avgjørende øyeblikket som bestem-

mer om hvem dyret skal oppfatte som sin forelder i resten av sitt liv. Og slik ble det i virkeligheten.

Andre dyr hadde aldri vekket hennes særlige interesse. Det eneste som Mynia bestandig hadde i fokus, var bare mennesker og hennes matmor, Margareth. Mynia var en utrolig hengiven, trofast og tenkende hund med karakter og veldig kjærlig personlighet og hun var ikke bare et fullverdig medlem av familien, men hadde også flere privilegium.

Mynia var allerede 8 år gammel da hun kom til Norge i et passasjerfly fra Warszawa, hvor selveste flyets kaptein ga sin tillatelse til at Mynia hadde lov å sitte sammen med Margareth på passasjeretset i flyet. Noe som forårsaket enormt forbauselse på Fornebu i Oslo da det polske flyet landet. Rett etter måtte Mynia reise til Skipstvedt i Østfold, hvor hun hadde plikt (med likhet med andre dyr som importers til Norge) til å sitte i 3 måneder i karantene. Det var en traumatisk opplevelse, både for Mynia, som for første gang ble skilt fra eieren og plassert blant andre dyr og ukjente, som for Margareth; lengselen og fortvilelsen var ubegripelig... Men selv den lengste venteperioden kommer alltid til sin

slutt, og slik var det også i dette tilfellet.

I nesten 10 år hadde Mynia et lykkeliv liv, livet som kan gi en hel ny mening til det populære uttrykket; "et hundeliv". Med sin tilstedeværelse, med hvert eneste blick av sine kloke, brune øyne, med sin varme, lune personlighet var hun alltid den man først sa: "god morgen" til og den siste til å si "god natt, min venn".

I august, sist sommer, nyrene plutselig sviktet Mynia, og bare 2 uker senere søde hun, 18 år gammel. Mynia ble begravet under et stort tre i hagen, hagen som hun var så glad i.

Det er flere som påsto at noen ganger en kan være lykkeligere med

dyr enn med andre mennesker, noe som ikke alltid stemmer, men det hersker ingen tvil om at dyrene kan gi til menneskets liv en helt ny dimensjon og siden de ikke kan snakke selv, det ville vært fantastisk om noen kunne gi dem liv gjennom litteraturen.

Å skrive om Mynia er min personlig måte å vekke ettertanke og bidra til inspirasjon.

Neste gong fortel Ingrid N. Hetland om katten Desmo.



Folkets gave

Jardar Havikbotn



Dei rundt 80 personane som tok turen til gymsalen om kvelden 13. april, gav ei flott gåve til "Folkets Gave", og dei fekk ei flott musikalisk gåve tilbake, frå Gunnar Andersen og Bokn barnekor.

Dei optrådte ikkje saman, men hadde to avdelingar kvar, før og etter maten. Ei matøkt som ungane i koret sannsynlegvis fekk ekstra energi av. For saft og kaker i 21-tida ein tysdagskveld gjer susen på halvtrøtte barn. Det var i alle fall ei merkbar stigning i programmet, og i siste låt nærmast rista heile scenen, der eg sat og styrte lydspakane. Stor applaus og skryt, m.a. frå Gunnar Andersen.

Gjøglar

Den snart 60 år gamle "busserullen" veit nemleg kva han snakkar om, omkor viktig det t.d. er med energi og formidlingsglede- og ikkje minst formidlingskapasitet på scenen.

Namnet Gunnar Andersen har god klang for mange, også i Bokn, og entertaineren skuffa ikkje. I kjent stil med ukulele og gitar fekk publikum høyra busserullssongar som "Plukka plommer i Hardanger", "Skip O'hoi" og "Jodletur te Sveits". Allsongen runga ut i gymsalen, for Andersen er veldig flink til å få folk med, sjølv om det er litt vel ambisiøst å tru at alle kan følga han i dei høgaste jodletrillene.

Humoristen er ekspert på å kommuni-



Full innsats av barnekoret, under dirigent Oddrun Nilssen.

Foto: Aud Leidy Gaupås

Gunnar Andersen appellerer til folk i alle aldre. Han fekk seg nok ein del nye unge fans denne kvelden, for han skreiv autografar på T-skjorter, armar og papir så "blekket spruta".

Eldsjel og festleiar Henry Thorsen sa til Bokn Bygdablad at ingen opptrinn frå Gunnar Andersen er like. Han ser publikum an, improviserer og legg opp programmet etter dei som er i salen.

Tomt for lodd

Thorsen var svært nøgd med opp-

Dette førte til at Folkets Gave har lagt loddbøker i kaffikroken på coop'en i Føresvik, med flotte premiar.

Blant det du kan vinna er

- Tur til Alicante m/opphald for to personar
- Weekend på Rica Maritim i Haugesund for to personar
- Kunstverk, verdi kr. 6.000

Trekninga blir på årets Sommarknada 10. juli, kor også Folkets Gave vil ha stand.

Folkets Gave inviterte til bygdekvalden i samarbeid med Bokn Sanitetsforning og Coop-Marked Bokn. Sistnemnde var med og sponsa mat og premiar, medan Bokn Sanitetsforening stod for rydding, matlaging og servering.



Entertainer Gunnar Andersen medverka sterkt til at me fekk ein ekstra triveleg tysdagskveld. I mai tar han med seg ukelelen og gitaren til Bestastua i Haugesund, til showet "Livet som HaugeSyndar".

sera med publikum, og har ein del klisjéar og triks for å lukkast, som t.d. kommentaruttrykket "Det e ingen grunn te å bli hysteriske". Nokre setningar frå "den knalltøffe haugesundaren" fekk me også - latter og smil med ein gong.

slutninga, stemninga og gjevargleda til boknarane. Folkets Gave har vore i mange kommunar, men aldri opplevd at dei gjekk tomme for lodd. Det gjorde dei denne kvelden, noko som samla kr. 9.000 netto.

FOLKETS GAVE

Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus AS (HSR) blei 50 år i 2007. I den anledning tok Haugesund og Karmøy Revmatikerforening (HKR) eit initiativ til eit prosjekt som blir kalla "Folkets gave til HSR mot 2057".

"Folkets gave til HSR mot 2057" skal vera så stor og spesiell at han skal vara i dei neste 50 år.

Folkets Gave skal eine og åleine gå til inventar og spesialutstyr i HSR sitt planlagte nybygg ved sykehuset. Aksjonen vil vara til og med 2010.

Vårkonsert

Jardar Havikbotn

Bokn musikkorps sin vårkonsert er eit sikkert inne-vårteikn blant dei faste gymsal-arrangementa gjennom året. Dato for årets konsert var 11. april.

I år blei konserten kortare, og med mindre tilhøyrarar enn vanleg. Dette kom av at ingen frå musikkskulen var med denne gong, samt at det også kom inn forfall frå andre inviterte gjester. Eit nydeleg vårvér får vel også ta litt av "skulda".

Seminareffekt

Skulekorps og aspirantar hadde hatt seminar på Sandbekken i Tysvær fredagen og laurdagen før konserten. Dette viser seg alltid å vera eit lurt trekk, både musikalsk og sosialt, og dirigent Grete Yrke las ei humoristisk adjektivhistorie frå seminaret før aspirantane starta konserten.

Under leiing av Lena Therese Yrke kom det tre korte stykker frå dei. "Stille nå", "Kom og hør på hornmusikk" og "Rock" viste at dei er på god veg til å meistra instrumenta sine og få glede av å spela i korps.

Skulekorpset byrja avdelinga si med at ei gruppe av dei eldste på grovmessing framførte "Å, Vestland Vestland", eit innslag som blei øvd inn på Sandbekken med instruktør Wenche L. Havikbotn. Andre instruktørar på seminaret var Marita Svendsen, Annstein Vik og Ingunn Grønnestad. Publikum fekk så høyra skulekorpset med "Mummitrollet", "Cool Calypso" og "Rock Around The Clock".

Både aspirantar og skulekorps lot oss høyra at eit intensivt korpsseminar ofte er prikken over i'en i innøvinga av eit konsertprogram, der kvar og ein blir sikrare på stemmane sine samt at klangen i korpset ber preg av at musikantane "løfter seg" opp fleire hakk i løpet av ei slik øvingshelg. Det var



Mobilfoto: JH

ASPIRANTINNSLAG: Fv. Annelin D. Jøsang, Jørgen Nilssen, Madelen K. Hanssen og instruktør Lena Therese Yrke.



Mobilfoto: JH

Bokn skulekorps med dirigent Grete Yrke.

hyggeleg å høyra flott framgang og positive kommentarar rundt bordene.

Etter mat og drøs var det Bokn Brass/Rustne Horn sin tur. Bokn Brass har hatt eit godt samarbeid med Rustne Horn frå Førland sidan februar 2006. Sjølv om korpset har, som alle andre vaksne lag, sporadiske permisjonar og sjukemeldingar, har medlemstilgangen frå to bygder hindra "downperiodar" for brassbandet.

Med underteikna som dirigent framførte me denne gong "Eviva Espana", "Carillon", "Tromboogie", "The Water Is Wide" og "Boknamarsjen". Førstnemnde blei øvd inn på ei seminarhelg i mars. Som vanleg hadde me solistnr. på repertoaret. Wenche L. Havikbotn og Jostein Askeland var tromboneso-

listar på "Tromboogie", medan Marita Svendsen (horn) hadde solistpartier på "Carillon", og Torunn Skjelde (flygelhorn) på "The Water Is Wide".

Nasjonaldag neste

Ein stor takk til Lillian Grønnestad som steppa inn som vikar på kort varsel!

Korpset framførte også det same programmet i ungdomshuset på Førland sundagen etterpå, på deira vårkonsert.

Før folk fór heim i det fine véret delte formann Odd Grønnestad ut blommar.

Då er våren "innspela" frå Bokn musikkorps si side - 17. mai neste, sjå utrivningsklart program for dagen i midten av bladet. (Ein kan også printa ut programmet i fargar på bokn.no)



Bokn Brass/Rustne Horn talde 17 personar på konserten.

Foto: Knut Helge Furseth



Eit tilbakeblikk på Homrafisket 2009

Edgar Våge



Fisket var bra dei første dagane, eller "måla", som far seier, men ute på Bedden, Nyafleunå, Steinfluene og andre plassar som var bra i fjor, fekk me lite i år.

Seinare vart fisket hemma av mykje dårleg vér og det blei liten fangst. Me fiskar rundt "øyane", som me seier, Nautøy, Longholmen, Bokkholmen og Brattholmen, her har det vore fiska hommar sida 1700-talet, då hollenderane lærte boknarane å fiska med teiner.

Frå gamalt av var øyane delte mellom fiskarar frå Bokn og Tysvær, tysvær-buen hadde inste delen og skillet gjekk med Sjyljafluskjæra, groen aust for skjæra blei kalla Tysværgroen.

Overnattingshytter

På austsida av Brattholmen står det ei lita steinhytte, eller det kan knapt kallast hytte då det bare er ein steinmur med ei helle som tak. Dei blei brukt til overnatting i tidlegare tider, og det stod ei på vestsida også, men den er nok brukt som fyllmasse i kaien som er mura opp her. Det var nok helst tysværbuar som bruka desse hyttene, om ein kan kalla dei det.

Gunvald Våge og Adolf Våge dreiv homrafiske her inne rett etter krigen. Dei budde i ein gavlabåt som heitte "GRAN" og som hørte til "SONJA" sitt bruk der Adolf var medeigar. Dei fekk så mykje hommar at dei måtte tøma han ut av teinene, fortalde Adolf seinare.

Olaf og broren Bjarne Våge starta tidleg med homrafiske inne ved øyane.



Bjarne A Våge ved Longholmen.

Det blei lange dagar her inne og dei fann ut at dei trengte ein plass å overnatta. Dei drog opp ein gamal båt på Longholmen som dei overnatta i dei første åra. Seinare bygde dei ei hytte med tre køyer som står der inne den dag i dag. Båtane blei lagt på "svai" i Bokkholmsundet om kveldane.

Leif Aksdal, som også fiska hommar her inne, fekk bruka den ledige køya i starten, seinare overtok Bjarne A Våge plassen hans i hytta. Olaf hadde også med sønene Tor og Terje inn til øyane av og til, men bare ein om gongen, då det ikkje var plass til fleire i køya.

På 1960-talet starta homrafisket 1.

desember, og det første "målet" drog dei teinene to gonger, først rundt midnatt og så om morgonen igjen. For å få lys om natta monterte dei dynamo på svinghjulet og bruka sykkelykter til å lysa med, og fangsten var den same både midnatt og om morgonen. Dei kunne få 40 - 50 homrar kvar gong dei to første måla. Seinare låg det på 10 - 15 pr. dag på ca. 100 teiner.

Statistikkar på veggane

Den gamle hytta var isolert med kraftforsekker som var spretta opp og spikra på veggen, og her blei dagens fangst skrive opp over køyene kvar kveld. Hytta er nå fiksa opp og kledd med panel innvendig, så desse fangststatistikkane er nok vekke nå. Det kunne vore interessant å studert desse veggane før pappen blei fjerna.

Det blei langt i frå desse mengdene på oss i fjor, men me berga nå jula-hommaren i år også. Og ein må også hugsa på at minstemålet bare var 21 cm - og dei heiv heller ikkje rognhommaren ut igjen på den tida.

Det som kanskje gir grunn til bekymring er at mest all høvringen (krabben) me får er utan klør, det tyder på at det foregår eit utstrakt teinefiske her inne utanom sesongen, og det er nok ikkje bare høvringklørne som blir tatt, tenkjer eg.

På Kvitsøy og Tananger har det visstnok vore eit bra fiskeri i 2009, 1.000 homrar på 100 teiner i løpet av sesongen har eg høyrte om, så me får håpa fiskeriet snur seg her inne også til neste år.



Det er ikkje store hytta.

← Det var halm som var madrass før.

Kulturkalenderen

Endringar sidan sist/nye arr. er **utheva**

April

29. Bokn pensjonistforening i Allrommet på Boknatun kl. 17.30
30. Kino i Auditoriet

Mai

02. Bokn søndagsskule kl. 10.30
06. Forvaltningsstyremøte kl. 19.30
08. Hagedag, sjå eiga annonse nede på sida
09. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon
11. Formannskapsmøte
14. Kino i Auditoriet
17. Gudsteneste kl. 10.30
23. Gudsteneste kl. 19.00
27. Bokn pensjonistforening i Allrommet på Boknatun kl. 17.30
28. Kino i Auditoriet
29. Bokn Danseklubb har sommarfest i gymsalen kl. 14.00 - 17.00
30. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Familiespeiding kl. 15.00 i Ognahabn. Bål, grilling, akvarium
30. Bokn bedehus: Møte - Misjonssambandet 19.00

Juni

01. Formannskapsmøte
02. Basar på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn sanitetsforening
